



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Hestad landskapsvernområde – vedtak om forskrift med endring av vernegrense

Vi viser til brev av 13.09.2024 frå Miljødirektoratet (vedlagt) med vedtak om ny (justert) grense for Hestad landskapsvernområde. Vedtaket inneber mindre endringar av grensene. Kart med vedteke ny vernegrense for Hestad landskapsvernområde er lagt ved dette brevet.

Bakgrunnen for grensejusteringa er at det var uklart kvar grensa gjekk ut frå kgl.res. frå 22.10 1971, og at det var behov for å presisere desse grensene etter at det hadde oppstått uklarheit om grensa, slik det går fram av brevet frå Miljødirektoratet.

Hestad landskapsvernområde vart oppretta 22.10.1971 som det første landskapsvernområdet i landet. Fastsetting av grensene slik dei gjekk fram av kartet, var mykje meir omtrentleg enn det som er gjeldande praksis i dag. På kartet som følgde kgl.res. i 1971, var grensa vist med ein horisontal (aust-vest) strek i nord, og i sør, godt sør for brua, med ein strek som går frå sørvest til nordaust. Grensene mot aust og vest (Hestadfjorden og Viksdalsvatnet) var ikkje teikna inn på dette kartet.

Med Miljødirektoratet sitt vedtak vert Hestadgrend bedehus liggjande utanfor landskapsverneområdet, og grensa går ut til ein (1) meter djupne i Viksdalsvatnet og i Hestadfjorden, slik at den følgjer eigedomsgrensene for dei dei to teigane som utgjer gnr/bnr 150/18 og som Staten v/ Klima- og miljødepartementet eig. Også i sør følgjer vernegrensa på ein meter djupne under brua på Fv 610.

Miljødirektoratet har også gjort vedtak (vedlagt) om mindre justeringar i verneforskrifta som gjeld oppdatering av formalitetar som følgje av samanslåing av kommunar og etablering av Sunnfjord kommune og Vestland fylke.

Med helsing

Eline Orheim

Tom Dybwad



Seksjonsleiar

prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Brev frå Miljødirektoratet av 13.09.2024
- 2 Kart med (ny) vernegrense for Hestad landskapsvernområde

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM



Mottakerliste:

Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Hestadgrend grendalag	v/ Ingunn Kjelstad	6973	SANDE I SUNNFJORD
Hestadgrend Bedehus	v/ Joar Årnes, Viksdalsvegen 435	6973	SANDE I SUNNFJORD
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
SFE Produksjon AS	Sørstrandvegen 227	6823	SANDANE
Fortidsminneforeningen	Viksdalsvegen 695	6973	SANDE I SUNNFJORD
Sogn og Fjordane Småbrukarlag			
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE KULTUR IDRETT OG INKLUDERING	Postboks 173	6801	FØRDE
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE	Stardalen 700	6843	SKEI I JØLSTER
FORTIDSMINNEFORENINGEN	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Gunnar Hestad	Viksdalsvegen 884	6973	SANDE I SUNNFJORD
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboës gate 8	0183	OSLO
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG LEIKANGER	Askedalen 3	6863	LEIKANGER
DNT SOGN OG FJORDANE AVDELING FØRDE	Langebruvegen 9	6800	FØRDE
UNIVERSITETET I BERGEN DET MATEMATISK-NATURVITENSK FAK	Postboks 7803	5020	BERGEN
UNIVERSITETET I BERGEN UNIVERSITETSMUSÉET I BERGEN	Muséplassen 1	5020	BERGEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
Statens naturoppsyn			
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
KJELL HESTAD	Viksdalsvegen 852	6973	Sande i Sunnfjord